# Referat

## STYREMØTE NR. 2 i ØIL – 06.05.2013

| **Møte** | | **Referat** | | |
|---|---|---|---|---|
| ***Dato*** | 06.05.2013 kl. 19:00 | ***Deltakarar*** | Vidar Torsvik / leiar<br>Kjerstin Valland / nestleiar<br>Trude Torvund / kasserar<br>Rune Vik / skrivar<br>Sonja Fagerheim/ styrelem<br>Mariann Lilledal Valland / styrelem<br>Toril Honningsvåg Vik / styrelem<br>Leiv Sandven / trimgruppa<br>Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa<br>Halgeir Botnen / fotballgruppa | |
| ***Stad*** | Holmatun | ***Forfall*** | Karsten Samland / fotballgruppa<br>Åshild Bekkesletten/ 1. vara | |
| ***Referent*** | Rune Vik | ***Kopi*** | Olav Kreken/ orientering<br>Roger Vassnes | |
| ***Neste møte*** | **Måndag 03.06.2013 kl. 19:00** | | | |

| **Nr** | **Sak** | **Frist** | **Ansvar oppfølging** |
|---|---|---|---|
| **2.1** | **Saker** | | |
| .1 | Hardanger talentutvikling AS (HT) | | |
| | A) Vidar Torsvik har den 6/5-13 hatt møte med dagleg leiar for HT for å sjå om det kan gjennomførast innsparingar på SFO-delen i perioden fram til ferien.<br><br>Oppsummering:<br>Berre mogeleg å gjere mindre justeringar. | Info | |
| | B) Klargjering av grunnlag for vidare drift av HT<br>- SFO-/idrettsskuletilbodet er svært godt, som gjev dei ungane som deltek eit unikt tilbod til leik, aktivitet og motorisk utvikling.<br>- Samtidig går drifta av HT med underskot kvar månad. | Info | |
| | *Vedtak*:<br>Det er ynskjer om å fortsette drifta av HT. Ein føresetnad må vere at me klarer å stable på beina ein finansierings-pakke som kan sikre ei økonomisk forsvarleg drift. | | ØIL-styret/<br>nytt HT-styre |
| | C) Nytt styre i Hardanger talentutvikling AS<br><br>Hallgeir Botnen, Sonja Fagerheim, Terje Melstveit og Tormod Laupsa har sagt seg villige til å tre inn i styret. | Info. | |
| | Hallgeir kallar til møte snarast for å vurdera framtida til HT. Arbeidskontraktar knytt til HT må framskaffast. | | Halgeir Botnen |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | D) Framskaffing av naudsynt dokumentasjon i kompensasjonssaka, slik at ØIL-styret kan fremje sluttrapport til Kvam herad. | | Roger Vassnes |
| .2 | <u>ØIL – drift av Holmatun</u><br><br>Vidar Torsvik og Rune Vik representerte ØIL på årsmøte for Holmatun SA torsdag 25.04.13 kl. 19:00 i Holmatun.<br><br>ØIL overtok drifta av Holmatun f.o.m. 01.01.2013. ØIL må innrømme at me ikkje har hatt ein god nok driftsorganisasjon klar for å møte dei utfordringar drift av eit slikt hus gjev.<br><br>Hovudstyret i ØIL ynskjer derfor å tilbakeføre ansvaret for drifta av Holmatun til "Foreininga Holmatun". | Info | |
| | *Vedtak*:<br>ØIL ynskjer å fristille seg frå inngått avtale om drift av Holmatun. | | ØIL-styret |
| | Leiar i ØIL får fullmakt til å tinge med "Foreininga Holmatun" om oppløysing av inngått avtale.<br><br>ØIL må samtidig gjere avtalar for å vidareføre leige av areal til HT evt. til fotballgruppa. Må gjerast i samråd med HT og fotballgruppa. | Straks | Vidar Torsvik |
| .3 | <u>Spørsmål om fysioterapeut frå Hellas</u><br><br>Roger Vassnes har kontakt med arbeidsledig fotballspelande fysioterapeut frå Hellas. Spørsmålet er om det er interesse for gje eit tilbod til medlemer om behandling ved skade, mot ei betalingsordning av fysioterapeut gjennom ØIL. | Info | |
| | *Vedtak:*<br>ØIL-styret meinar at foreslått løysing vil vere kontroversiell i forhold til arbeidsmiljølova, m.v., og vil derfor ikkje kunne gå inn på ei slik ordning. Dessutan har ØIL andre utfordringar knytt til HT som må prioriterast / løysast. | | ØIL-styret |
| .4 | <u>Myrabakken – innspel frå Finn Jakobsen</u><br><br>Hoppbakkeanlegget krev vedlikehald:<br>- Rydding av buskar med ryddesag.<br>- Sikring av bygningar m.m. | Info | |
| | I første omgang må me skaffe oss ein oversikt over kva arbeid som hastar i forhold til å ivareta tryggleiken ved anlegget.<br><br>I neste omgang må det etablerast ei ansvarsgruppe for dugnad, med til dømes Torkjel Hovland, Terje Bekkesletten, Vidar Mo... | | Sonja Fagerheim |
| .5 | <u>Ansvar politiattestar og system for dokumentasjon</u><br><br>Rune Vik har overteke hovudansvaret for politiattestar i ØIL. Vara vert Toril Honningsvåg Vik. | Info | |
| | Tekst knytt til krav om politiattest og søknadsskjema vert ajourført med namn, og oversendt for innlegging på heimesida til ØIL og Øystese fotball. | | Rune V. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| .6 | <u>17. mai  og ØIL i folketoget</u><br><br>Tradisjonen tru stiller medlemer under Øystese idrettslag si fane i folketoget. | Info | ØIL-styret |
| .7 | <u>Tilgang til ØIL sine bankkontoar</u><br><br>Leiar og kasserar ordnar opp med banken.<br>- Driftskonto skal disponerast av kasserar.<br>- Særvilkårskonto av leiar og kasserar samtidig.<br><br>I følgje nye vedtekter skal ØIL teikna underslagsforsikring. | Info | Vidar Torsvik/<br>Trude Torvund |
| .8 | <u>Referat frå årsmøte i Kvam idrettsråd</u><br><br>Sonja og Toril stilte som representantar frå ØIL.<br><br>- Idrettskonsulenten er borte frå kommunebudsjettet.<br>- Det er sett av lite tid og ressursar i Kvam herad til støtte for idrettslag og den aktiviteten dei driv.<br>- Reidun Braut Kjosås er folkehelsekoordinator-idrett og friluftsliv…, ein viktig kontaktperson i heradet.<br>- Kvam herad v/ Jon Nedkvitne orienterte om pågåande arbeid med arealdel til kommuneplan. **Innspel kan sendast herad i perioden: <u>juni-nov 2013</u>**<br>- Idrettsrådet oppmoda idrettslaga til å oppdatere heimesidene ”Speaker.no” og ”Lagsportalen” med omsyn til kontaktinformasjon.<br>- Grannehjelpa har ein ½ stilling med føremål å hjelpe / støtte ”frivilligheita”, dvs. lag og organisasjonar. Ressursen er lite nytta av idrettslaga.<br>- Kluss med valnemd m.v. så gjennomføring av val av nytt idrettsråd vart utsett.<br><br>Tidspunkt for ekstraordinært årsmøte for Kvam idrettsråd vart sett til:<br>**Onsdag 29. mai 2013 kl. 20:00 i Kvam rådhus** | Info<br><br>Viktig tidsrom<br><br>**29/5  kl.20** | Sonja Fagerheim/<br>Toril Honningsvåg Vik<br><br>Vidar Torsvik |
| .9 | <u>Spelemiddelsøknad knytt til Øystese idrettsplass</u><br><br>Dugnadsliste må få overskrift. Lista kan deretter signerast av leiar slik den ligg føre, og sendast Kvam herad. | Info | Vidar Torsvik |
| .10 | <u>Innspel til barnehageplan</u><br><br>Viktige element:<br>- Nærleik til friluftsområde.<br>- Nærleik til idrettsfasilitetar/-anlegg.<br>- Sentralitet.<br><br>Leiv lagar utkast til Vidar. Vidar sender innspel til postmottak i Kvam herad. | straks | Leiv Sandven/<br>Vidar Torsvik |
| **2.2** | **Fotballgruppa** | | |
| **2.3** | **Friidrett/trimgruppa** | | |
| **2.4** | **HC-gruppa** | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 2.5 | **Symjegruppa** | | |
| 2.6 | **Hoppgruppa** | | |
| 2.7 | **Orientering** | | |
| 2.8 | **Økonomi** | | |
| 2.9 | **Eventuelt** | | |
| .1 | <u>Nye vedtekter i Øystese idrettslag</u><br><br>Rune Vik har vore i kontakt med Hordaland idrettskrets v/ Heidi Hatlem om ny lov for ØIL som vart godkjent på ØIL-årsmøte 20/4.13.<br>- Møterett for gruppeleiarar på styremøte i hovudlaget må strykast i vedtekt.<br>- Avsnittet om signaturrett og prokura skal leggjast fram for juristane i NIF. Me får tilbakemelding frå idrettskretsen. | | Rune V. |
| | **Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging** | | |
| 2.9. | <u>Rydding i og sannering av ØIL-historikk/arkivmateriale</u><br><br>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret.<br>Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale. | | styret |
| 4.4 | <u>Torefjellstrimmen – i ny drakt ?</u><br><br>Det vert ikkje Torfjells”trim”arrangement i ØIL-regi i haust.<br>Må sjå på evt. nytt konsept og nye samarbeidspartnarar. Kvam turlag kanskje ? Uansett må eit arrangement avstemmast i forhold til tidspunkt for andre lokale arrangement. | | styret/<br>Rune V. |

Rune Vik/ skrivar